

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/11900-10

Plan for selskapskontroll 2016 - 2020

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget vedtek Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 slik den ligg føre.

Vedlegg:

- Plan for selskapskontroll 2016 – 2020
- Overordna analyse 2016 - 2020

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I følgje kommunelova § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser. Dette er konkretisert i forskrift for kontrollutval § 14 der det står:

«Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.»

Grunnlaget for gjennomføring av selskapskontroll skal vere Plan for selskapskontroll. I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §13 står det følgjande om plan for selskapskontroll:

«Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de

ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden

Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll..»

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet har, i tråd med forskrifta, fått utarbeidd ei overordna analyse – ei risiko- og vesentleganalyse – som grunnlag for planen. Utvalet vedtok 24.11.2015 i KU-sak 51/15 å bestille overordna analyse. Bestillinga vart sendt SF revisjon IKS i etterkant av møtet. Analysen er utarbeidd for å kunne velje ut relevante selskap for gjennomføring av selskapskontroll.

I forhold til risiko er desse forholda vurdert:

- A. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
- B. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
- C. Risiko for at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor vesentleg det er å gjennomføre kontroll for fylkeskommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv blir lagt til grunn for ei slik vurdering:

- Fokus på økonomiske interesser for fylkeskommunen.
- Fokus på brukarperspektivet.

Det er på bakgrunn av risiko- og vesentlegmomenta lagt følgjande kriterium til grunn for analysen:

1. Selskap der det er avdekka mulige risikoforhold
2. Selskap med berre offentleg eigarskap
3. Selskap som har eit samfunnsansvar
4. Selskap som leverer tenester som høyrer til det offentleg tenestetilbodet
5. Selskap som leverer verksemdskritiske tenester til fylkeskommunen,
6. Selskap som er heileigd av Sogn og Fjordane fylkeskommune
7. Selskap der fylkeskommunen har omfattande eigarinteresse i tal på aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen,
8. Storleiken på gevinst/tap potensialet
9. Etikk og omdømme

Datainnsamlinga som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Intervju/spørjeundersøking
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Analyse

Plan vil gjelde i tidrommet 2016 – 2020, eller til ny plan vert vedteken. Kontrollutvalet vil i løpet av perioden gjennomføre risiko- og vesentlegvurdering basert på situasjonen på gitt tidspunkt, slik at det heile tida vil vere oppdaterte vurderingar bak dei selskapskontrollane som vert gjennomførte. Utvalet vil i tillegg rullere planen i løpet av perioden.

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i prioriteringane i planen og i tillegg gjennomføre selskapskontroll av nye selskap dersom utvalet ser dette som føremålstenleg. Fylkestinget vil verte orientert om slike endringar i kontrollutvalet si årsmelding.

4. Konklusjon

Sekretariatet har i arbeidet med plan for selskapskontroll lagt vekt på at kontrollutvalet skal utføre kontrollhandlinger i samsvar med sitt mandat og i høve til fylkeskommunen sine interesser. Kontrollutvalet har vore med i arbeidet med prioritering av dei selskapa som skal kontrollerast, og som dermed har fått plass på den prioriterte lista.